



## Legitimasjonsbevis for reise-/yrkesutstyr teke med av reisande til mellombels bruk i utlandet

Denne blanketten kan ikkje nyttast for varer som ved utførsel er lisenspliktig eller underlagde andre utførselsrestriksjonar. I slike tilfelle skal ordinær utførselsdeklarasjon, blankett RD-0016/0018, fyllast ut og leggjast fram for Tolletaten.

**Dette legitimasjonsbeivet må den reisande ta vare på og kunne vise fram for Tolletaten når varene blir ført inn att i landet.**

Dersom den reisande ikkje kan legge fram slik legitimasjon og heller ikkje på annan måte kan godtgjere at varene tidlegare er utførte frå Noreg, vil Tolletaten kunne krevje inn toll og avgifter for varene, eventuelt halde dei tilbake i påvente av at den reisande skaffar fram nødvendig dokumentasjon.

Legitimasjonsbeivet gjeld for	<input type="checkbox"/> Reiseutstyr <input type="checkbox"/> Yrkesutstyr av mindre verdi
-------------------------------	--

Varene som er spesifisert nedanfor, blir tekne med til bruk under mellombels opphold i utlandet.  
Varene vil bli ført inn att i Noreg i uforandra stand ved tilbakekomst frå utlandet.

Tal	Varenemning og produktnamn	Typenemning, produksjonsnr. e.l. (nøyaktige spesifikasjoner)	Verdi (NOK)
Stad og dato		Underskrifta til den reisande	

For Tolletaten		
Stempel	Dato	Underskrifta til tenestemannen
	Tenestestad	

**Blanketten kan nyttast som legitimasjonsdokument for varer av mindre verdi som blir tekne med av reisande for bruk under mellombels opphold i utlandet.**

1. Blanketten skal fyllast ut av den reisande (deklaranten). Tolletaten kontrollerer dei opplysningane som er gjevne, mot aktuelle gjenstander, som skal leggjast fram fysisk. Tolletaten autoriserer legitimasjonsbeviset med tollstempel, namnet på tenestestaden og underskrifta til tenestemannen.
2. Rubrikken for varenemning/typenemning skal vere fullstendig utfylt, slik at varen(e) kan identifiserast og eventuelt tarifferast dersom dette er nødvendig.
3. Rubrikken for verdi er berre obligatorisk å fylle ut når det dreier seg om yrkesutstyr (av «mindre verdi»). Verdien skal bli sett til den sannsynlege omsetningsverdi på utfordingstidspunktet/utførselstidspunktet.

Yrkesutstyr av «større verdi» må utekspederast på ordinær måte ved bruk av ATA-carnet eller ordinær utførselsdeklarasjon (RD-0016/0018). Slik dokumentasjon er grunnlaget for å vurdere eit eventuelt toll- og avgiftsfritak når varene seinare blir ført inn at i landet.
4. Unytta vareliner skal vere overstrokne for å gjøre det umogleg å føye til noko seinare.

Eventuelle endringar/rettingar på blanketten skal vere attesterte av Tolletaten med stempel og underskrifta til tenestemannen. Dersom det ved kontroll blir funne ikkje-attesterte rettingar/tilføyinger kan Tolletaten underkjenne heile blanketten eller deler av han.
5. Blanketten blir utforda i 1 eksemplar, som den reisande skal ta vare på.

Blanketten skal visast fram når varene blir ført inn at i landet, når Tolletaten krev dokumentasjon for at varene tidlegare er utførte frå landet.
6. Det gjeld ingen tidsfrist for når dei aktuelle varene kan førast inn at i landet. Men varene må ikkje bli bearbeidde i utlandet, men bli tekne med tilbake i uforandra stand.

Blanketten kan nyttast som legitimasjonsdokument ved fleire reiser til utlandet, så sant dei aktuelle varene er oppførte i vareoversikta i blanketten.